

Oppdragsgiver:	ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD
Oppdrag:	601523-01 – Nord - Etnedal kyrkjegard - utviding Detaljprosjekt
Dato:	10.02.2017
Skrevet av:	Marianne Laa
Kvalitetskontroll:	ek

MINNELUND NORD ETNEDAL - FLEIRE FORSLAG - UTDJUPING

INNHOOLD

1	Innleiing.....	2
2	Fleire døme på bruk av stein til felles gravminne	3
2.1	Døme 1 – Arendal	3
2.2	Døme 2 - Åssiden	4
2.3	Døme 3 - Voie	5
2.4	Døme 4 – Udland	6
3	Drøfting av stein som materiale i Nord Etnedal.....	6
3.1	Plassering	7
3.2	Drøfting	7
4	Døme på bruk av tre til felles gravminne	8
4.1	Døme frå Heimdal	8
5	Drøfting av tre som materiale i Nord Etnedal	9
5.1	Bruk av søyler som felles gravminne:.....	9
5.2	Bruk av søyler og pergola som motiv for felles gravminne	10
5.3	Drøfting	11
6	Konklusjon og tilråding	11



1 INNLEIING

Dette notatet er eit supplement til tidlegare notat «Minnelund Nord-Etnedal» datert 14. desember 2016.

For at den nye minnelunden skal kunne berike kyrkjegardsmiljøet i Nord-Etnedadal på ein positiv måte må felles gravminne vere utforma anten i tråd med andre element på kyrkjegarden, eller i tråd med naturmiljøet kyrkjegarden ligg i.

I notatet frå desember er det foreslått to ulike innfallsvinklar, i tråd med desse tankane:

- 1. Felles gravminne utforma i tråd med naturmiljøet i form av stein som utgangspunkt for utforming.**



Illustrasjonsfoto/ døme frå
Arendal – stein som
utgangspunkt.

- 2. Felles gravminne utforma i tråd med tre-arkitekturen som kyrkja og portane representerer.**



Bilete 1 over: Porten ved
hovudinngangen på kyrkja – eit
godt utgangspunkt for design av
felles gravminne?

Dette ynskjer ein å utdjupe i dette notatet. Difor er det henta fleire døme på bruk av stein til felles gravminne med tanke på situasjonen i Nord – Etnedal, med ei drøfting til slutt i notatet, og vist forslag til plassering av ulike type felles gravminne, i plansituasjon.

2 FLEIRE DØME PÅ BRUK AV STEIN TIL FELLES GRAVMINNE

2.1 Døme 1 – Arendal



Døme 1 oversiktsbilde – natursteinsmur med oppstykkka rekker av namneplater (Foto: Elkemo)



Døme 1 – nærbilde av detalj og type namneplate som er brukt i Arendal. (Foto: Elkemo)

2.2 Døme 2 - Åssiden



Døme 2: Minnelund på Åssiden gravlund i Drammen, med svært små skilt på tørrmur i naturstein.



Døme 2 – Åssiden, oversiktsfoto: Festeordning i form av skinner, her vist halvfullt med namneplater.

2.3 Døme 3 - Voie



Døme 3 – frå Voie gravlund: Tørrsteinsmur med større namneplater på tørrmur, truleg bygd med Hardangerskifer. (Foto: Elkemo)



Døme 3 – oversiktsbilete. Namneplatene heng på med eller utan tekst. (Foto: Elkemo)


2.4 Døme 4 – Udland



Døme 4 – Frå Udland gravlund: Plasstøypte stein/betong element som det skal festast namneplater på. (Foto: Haugesunds avis)

3 DRØFTING AV STEIN SOM MATERIALE I NORD ETNEDAL

Det er vanskeleg å finne døme på bruk av ein stor stein som «bauta», men namneplater på. Det tenker eg heller ikkje er ein så god idé då den kanskje vil «konkurrere med den fine bautasteinen ved på austsida av kyrkja. Difor har eg tenkt at dersom ein skal bruke stein som motiv for felles gravminne i Nord Etnedal bør dette vere i form av ein liten tosidig mur. Det er jo også eit kjent element på kyrkjegarden, og i kulturmiljøet elles i Nord Etnedal. Eg ser for meg at ein godt kan la denne muren få sitt «utspring» i ein litt større naturstein/ liten flyttblokk, slik: (Sjå også detaljbiletet frå Arendel, side 3)




Illustrasjon 1; av ein mogeleg måte å løyse felles gravminne på i Nord Etnedal; ein liten «stump» av ein tørrmur inntil ein stor naturstein.. Namneplatene kan då festast på begge langsiden, eller berre den eine sida.. avhengig av kor lang muren er.

Typen namneplater kan veljast mellom døma lengere opp, alle typene kan sikkert brukast på denne løysinga.

3.1 Plassering

Ein stein med mur inntil kan til dømes plasserast som vist under, i plan ved minnelunden i Nord- Etnedal. Lengda på mur må tilpassast storleiken på minneplatene og talet på desse (tal på graver).



Illustrasjon 2: Mogleg plassering av felles gravminne i form av ein liten steinugard med «utspring» i ein større stein.

3.2 Drøfting

Dette vil bli ein «ufarleg» og lite prangande måte å løyse dette med felles gravminne for dei 91 gravene i minnelunden. Konseptet med ein natursteinsmur til å feste navneplatene på er utprøvd andre stader, og ein kan sikkert få tips til dette med innfesting etc. frå dei stadene der det er bygd noko tilsvarande.

4 DØME PÅ BRUK AV TRE TIL FELLES GRAVMINNE


4.1 Døme frå Heimdal



Døme 1 i tre – Til venstre; sitteplass ved minnelund i Heimdal (foto: Vegard Moen).


Under; «trebukkar» til å henge minneplater på og kasse til å sette blomster i (foto Lars Traegde).

<http://cargocollective.com/larstraegde-commissions/Felles-navnet-urnelund-Heimdal-kirke-Trondheim>




5 DRØFTING AV TRE SOM MATERIALE I NORD ETNEDAL

5.1 Bruk av søyler som felles gravminne:




Illustrasjon 4; modellfoto av tenkte søyler med navneplater på, sjå også forslag til plassering i utklipp av plan, under.



5.2 Bruk av søyler og pergola som motiv for felles gravminne



Illustrasjon 5.2;
modellfoto av tenkte
søyler med pergola
tak over, sjå også
forslag til plassering i
utklipp av plan,
under.



Dei to siste forslaga er forklara nøyare i notatet som vart sendt over i desember (14.12.16).

5.3 Drøfting

Det finst ikkje enno så mange gode døme på bruk av tre i utforminga av felles gravminne til minnelund. Døme frå Heimdal er teke med fordi det har litt same tankane om eit luftig tak, og det er bygd i tre. Staden namneplatene er festa på er svært enkelt, og kanskje litt lågt nede når ein skal lese små skrift. Staden er ikkje spesielt godt eigna for alle då det er vanskeleg framkomeleg både med rullestol og for synshemma der. (Sjå side 8.)

Desse tinga tenker eg ein kan gjere betre i vårt tilfelle ved val av ein av dei to løysingane med trestolpar og eventuelt pergola. Når namneplatene kjem lengre opp blir det lettare å lese dei, og det bør vere eit fast og godt dekke på plassen, og plen i same høgde utanfor plassen. Det bør også vere minimum 1m mellom stolpane, noko det er i forslaga for Nord Etnedal over. Innfesting av skilt vil kunne gjerast svært enkelt på ei tresøyle, det vil også vere enkelt å skifte skilt seinare. Tre-konstruksjonen må målast på same måte som kyrkja, gjerdet og portane som finst der frå før.

Det å velje eit av dei to forslaga med bruk av portstolpane som motiv vil kunne gje eit ekstra lyft kunstnarisk, på kyrkjegarden i Nord Etnedal. Det vil kunne bli eit pust av noko moderne, godt forankra i dei kvite, karakteristiske portane inn til den eksisterande kyrkjegarden. Det vil truleg gje undringa meir rom enn ved bruk av det klassiske steinmotivet.

6 KONKLUSJON OG TILRÅDING

Det er opp til Nord Etnedal kyrkjelege fellesråd å konkludere og velje ei løysing.

Underteikna tenker at alle dei tre konkret skisserte løysingane kan fungere godt i kyrkjegardsmiljøet i Nord Etnedal. Vidare tenker eg at dette med minnelund er ei spesiell sak. I mi hovudoppgåve ved NLH i 1997, såg eg på symbol og verkemiddelbruk i kyrkjegardsplanlegging. Det som var gjort av forskning på det emnet den gongen, skreiv seg i store trekk frå våre noko meir sekulariserte naboland, og handla mykje om dette med minnelund. Det syner seg at når folk ikkje har ei spesiell grav å gå til, blir miljøet og opplevinga av å vere til stades i minnelunden forsterka. Opplevinga av staden, og det å vere i minnelunden er soleis ekstra viktig å legge vekt på i utforminga. Det er eg glad for at de tek på alvor i Nord Etnedal. – Og eg gler meg til å møte dykk og drøfte saken!

Ål, 10.02.2017 Marianne Laa